

FAU takkar alle for gevinstar og god støtte.

19.02.2020



FAU ved Uskedal skule takkar alle for flotte gevinstar på basaren som var sist helg.

**No har vi endeleg landa etter Basaren vår på søndag. Fyrst vil vi nyitta høvet til å takka: Tusen takk til alle bedrifter og privatpersonar som bidrog med gevinstar til både loddbok og åresalg, vi måtte ein fantastisk givarglede. Tusen takk til Arvid Nes i Rosendal Turnlag for god hjelp. Tusen takk til alle som baka herlege kaker.Tusen takk til alle som kom på basar, kjøpte lodd og årer**

Det vart ei kjekk stund saman i hallen, med ca 200 stk, nesten fullt hus. God stemning, mykje kaker, godt åresalg og over 100 flotte gevinstar. Det var fyrste gong FAU arrangerte ein slik basar, det krev mykje jobb – men var vel verdt det når så mange møtte opp og støtta oss.

FAU fekk saman med foreninga Fantastisk aktive uskedalsforeldre samla inn mykje pengar , som kjem godt med blant anna når vi skal arrangere aktiviteter for elevane. FAU vil vera med å bidra til utjamning av sosial og kulturell ulikskap. Vi ynskjer å gje samlande opplevingar for borna.

FAU er ein del av eit prosjekt som vert kalla Trygg Oppvekst, inspirert av prosjektet Trygg i Fjell frå Fjell kommune. Her er målet at på alle arenaer der born møtest, skal dei bli møtt på så lik måte som mogleg av oss vaksne. Ein skal aktivt førebyggja utesetting og mobbing, og skape arenaer for at borna skal vera saman og bygge vennskap.

Ein av tinga FAU kan bidra med her, er å skape arenaer for at borna kan møtast , få felles opplevingar og delta i fellesskapet utan at det er noko kjøpepress. Vi ynskjer at alle born skal ha det trygt og godt på alle arenaer – og i alle sosiale samanhengar. Vi håpar og trur at det å skape positive settingar der både barn og foreldre deltek, skaffe til veie utstyr som kan verka samlande og tilby gratis sosiale samlande arrangement – gjev ein helsefremmande og førebyggjande funksjon.

Vi vil presisere at midlene FAU fekk inn, ikkje skal gå til utgiftposter som er skulen og kommunen sitt ansvarsområde. For å sikre barna sin medverknad, vil Elevrådet få muligheten til å söke FAU om midler til det dei ynskjer å bruke pengar på, som for eksempel ekstra skidag/akedag, sosialt samlande utstyr osv.

Nok ein gong – tusen takk til alle som bidrog med stort og smått.

På vegne av FAU v/ Uskedal Skule  
Silje Øye

Tekst/foto: Silje Øye  
Nett: Kristian Bringedal